



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Verneframlegg for Båtneset naturreservat i Sula kommune



Foto: Håkon Brandt Fjeld og Jarle Riise

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Høyringsfrist 15. april 2024



Innhald

1.	BAKGRUNN.....	3
2.	TILBOD.....	3
3.	HEIMELSGRUNNLAG	3
4.	VERNEPLAN	5
4.1	Skildring av området	5
4.2	Vegetasjon og naturgitt mangfald	5
4.3	Verneformål og trua natur	5
4.4	Oppfylling av miljømåla i Meld. St. 14 og manglar i skogvernet.....	6
4.5	Planstatus.....	6
4.6	Tekniske inngrep og andre brukarinteresser	6
4.7	Litteratur	8
5.	SAKSHANDSAMING	8
5.1	Vidare sakshandsaming	9
5.2	Forvaltningsmynde	9
6	FORSLAG TIL FORSKRIFT.....	9

Vedlegg 1: Skogvurdering

Vedlegg 2: Avveining skogbruk og skogvern



1. BAKGRUNN

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «et representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «utrydding av trua artar i skog skal opphøyrast og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020» og at «mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenoppretta innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

2. TILBOD

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fekk tilbod om frivillig skogvern på gnr/bnr 71/1 i Sula kommune. Tilbodet vert dagsett 14.03.2022 og vert formidla via Allskog. Området føreslått vern omfattar eit areal på om lag 628 dekar.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er dokumentert ved registreringar av naturverdiane gjennom kartleggingar ved DN- handbok 13 og NiN-kartlagt i 2022.

Allskog og skogsakkyndig frå staten takserer tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigaren. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert. Allskog har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang.

3. HEIMELSGRUNNLAG

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldlova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.



Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldlova, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltlementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane

- a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
- b (artar og genetisk mangfald),
- c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.
- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betrast.

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.



4. VERNEPLAN

Namn	Kommune	Fylke	Areal (Daa)	Verneform	Gnr/bnr	M.o.h.	Raudlista naturtypar
Båtneset naturreservat	Sula	Møre og Romsdal	628	Naturreservat	71/1	30 - 340	Frisk rik edellauvskog (NT) Lågurtedellauvskog (VU) Kalk og lågurtfuruskog (VU) Rik gransumpskog (EN) Kalkedellauvskog (VU)

4.1 Skildring av området

Tilbudsområdet er svært godt kartlagt gjennom registreringar etter DN-handbok 13 og NiN-kartlegging av heile området i 2022. Skogen ligg på nordsida av riksvegen mellom Eikrem og Sulesund i ei bratt, sørvendt li. Vegetasjonssona er i boreonemoral til sørboreal og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er fattige gneisbergarter. Dominerande treslag er bjørk, hassel, osp og svartor med innslag av furu, gråor, hegg, rogn, selje og alm (EN) opp mot 250 moh og så går skogen over i kystfuruskog. Store deler av lia har rikt utvikla lågurtvegetasjon med skinnare parti det med rasmark og berg som gjer skogen dynamisk og med variert suksesjon.

4.2 Vegetasjon og naturgitt mangfald

Området føreslått verna er dekt av skogsmark i lågareliggande strøk med 85% skog, og der halvparten av skogen er på høg bonitet. Skogen ligg i ei li frå fjord til opp mot 350 moh, med stor variasjon i gradientar innan kalktrinn og kartleggingseiningar. I indeks for naturgitt mangfald skårar området totalt sett 2,25/3 med særleg stor arealandel innan kalk- og baserik skogsmark og regnskog (3/3). Død ved mengde er også høgt samt andel edellauvtre og Ros-artane (2/3). Den store variasjonen gjer skogen meir robust i eit endra klima og viktig for langsiktig bevaring.

Skogen strekker seg opp ei bratt li der det er typar innan edellauvskog, med gode innslag av ROS-arter. Bjørk, hassel, osp og svartor er dei vanlegaste treslaga, med innslag av furu, gråor, hegg, rogn og selje. Sparsamt også funne alm (EN). I lia har store delar av skogen rik lågurtvegetasjon, med skinnare parti ved rasmark og berg som førar med seg naturleg forstyrring og suksesjonsvariasjon. Oppe på flanken går skogen over i furu- hassel skog, med innslag av bjørk, gråor, hegg, osp, rogn og selje. Interessant er også funn av barlind (VU). Enkeltrær av furu var rundt 170 år. På kanten ned mot lisida er det eit ospeholt med store gamle tre med lungeneversamfunn.

Det er kartlagt heile fem raudlista naturtypar i området frå frisk, rik edellauvskog (NT), lågurtedellauvskog (VU), kalk- og lågurtedellauvskog (VU), rik gransumpskog (EN) og kalkedellauvskog. Av raudlista artar er det registrert ramsløk (NT), alm (EN), barlind (VU) og skorpefiltlav (NT), fuglereir (NT), vaniljerot (NT), og raudsildre (NT). Av sopp kan nemnast halmgul køllesopp (VU), svartnande kantarell (NT), raudtuppkorallsopp (NT), raudskivevokssopp (NT), dvergstanksopp (VU) og gammalskogsarten hasselkjuke. Dette tyder på eit skogsområde med rikt og sårbart mangfald som er relativt lite påverka av aktivitet.

Av framande artar er det registrert platanlønn (SE) er i spreing og rynkerose (SE) under kraftlina. Dette vil bli ei oppgåve for forvaltninga å sjå på moglegheit for å skjytte vekk, til dømes gjennom dialog med kraftselskap som ryddar linjetrasear der spreingsrisikoen er størst.

4.3 Verneformål og trua natur

Føremålet med forskrifta er å bevare eit variert skogsområde som representerer bestemte typar natur i form av trua edellauvskogstypar. Skogen er i god utvikling med element av kalkrike områder



med tilhøyrande trua artar. Områdevern inneber at habitat til fugl og fauna også blir tatt vare på med dei økologiske prosessane og funksjonane det har i dag. Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomst av sjeldne artar av karplantar, sopp og lav. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Om lag halvparten av skogen står på høg bonitet i nemoral til sørboreal sone som gir området stor verdi som leveområde for trua artar og naturtypar.

Heile fem raudlista naturtypar er registrert her; frisk rik edellauvskog (NT), lågurtedellauvskog (VU), kalk og lågurtfuruskog (VU), rik gransumpskog (EN) og kalkedellauvskog (VU) og raudlista artar som ramsløk (NT), alm (EN), barlind (VU) og skorpefiltlav (NT), fuglereir (NT), vaniljerot (NT), og raudsildre (NT). Av sopp kan nemnast halmgul køllesopp (VU), svartnande kantarell (NT), raudtuppkorallsopp (NT), raudskivevokssopp (NT), dvergstanksopp (VU).

4.4 Oppfyllyng av miljømåla i Meld. St. 14 og manglar i skogvernet

Noreg har gjennom stortingsmeldinga «Natur for livet» og gjennom internasjonale avtalar forplikta seg til nokre mål for naturen – såkalla miljømål som er som følger;

1. Økosystema skal ha god tilstand
2. Ingen artar eller naturtypar skal forsvinne
3. Vi skal bevare eit representativt utval norsk natur for å sikre variasjonsbreidda

Hovudtrugselen mot naturmangfaldet i Norge er arealendringar som reduserer både kvantitet og kvalitet på artanes leveområde. Områdevern er eit godt bevaringstiltak for å motverke tap av naturmangfald og halde naturen robust i møte med endra klima.

Vi trenger meir skogvern i alle raudlista naturtypar – særleg kalkrike typar, flommarkskog, boreonemoral, boreal regnskog, sumpskog og rik sandfuruskog. I mangelanalyse for skogvern (Framstad m.fl. 2017) kjem det fram at Møre og Romsdal har låg vernedekning på naturtypar i skog som kystfuruskog, edellauvskog og bekkekløfter.

Dette området fyller manglar knytt til fleire raudlista naturtypar av edellauvskog, på kalkrik grunn i oseanisk sone. Halvparten av skogen ligg i på høg bonitet og i lågareliggande områder i varme klimasoner som nemoral – sørboreal sone, som er underrepresentert i dagens skogvern. Områder er soleis i stor grad med på å oppfylle manglar i verneområda med skog både regionalt og nasjonalt.

4.5 Planstatus

Området er i arealplan til kommunen avsett til Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR-område) med ei omsynssone for bevaring av naturmiljø. Kartleggingar av naturverdiane i områda er gjennomført ved tidlegare registreringar av biologisk mangfald og som del av verneplanprosessen.

4.6 Tekniske inngrep og andre brukarinteresser

Kraft og energi:

Det går to kraftliner gjennom føreslått verneområde. Her er god dialog med nettselskapa viktig for å avgrense spreieing av framande artar som platanlønn og rynkerose. Standardformulering for operativ drift av disse er tatt med i forskrifta.

Mineral:



Det er ikkje registrert mineralførekomstar innanfor området.

Samiske interesser:

Området ligg ikkje innanfor reinbeitedistrikt.

Skogbruk:

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverkanden og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbud etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Vedlagt er skjema for skogbruksvurdering og avveging opp mot vern. Det er viktig å påpeike at dette ikkje er ei heilskapleg vurdering av konsekvens av vern da det ikkje er vurdert kva restriksjonar området har i dag opp mot skogbruk.

Tabell 1: Matrise for avveging mellom skogbruk og skogvern. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har vurdert området til V1S7 som betyr at området har mindre betydning for skogbruk (S7) og har verdi for skogvern (V1).

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
			Betydning for tømmertilgangen						



4.7 Litteratur

Områderapport:

<https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/22D69ADC-7166-46D9-B1C7-899FD75C26A9>

Holtan, D. & Grimstad, K. J. 2002. Kartlegging av biologisk mangfald i Sula - biologiske undersøkingar i 2000/2001. Sula kommune, rapport. 46 s + kart

Holtan, D. 2009. Supplerende kartlegging av naturtyper i Sula kommune 2008. Møre og Romsdal fylke, Areal- og miljøvernavdeling. Rapport 2009: 01. 66 sider med kartvedlegg.

5. SAKSHANDSAMING

Området har komme til gjennom ordninga med frivillig vern, jobba fram av skogeigarorganisasjonen Allskog. Området i si heilheit ligg på privat grunn.

Formell start på verneplanarbeidet for Båtneset naturreservat vart meldt 15.01.2024 med frist for innspel 05.02.2024.

Vi fekk følgande innspel til oppstartsmeldinga:

Norges vassdrags- og energidirektorat (29.01.2024)

«Det går en 145 kV linje og en 22 kV linje eid av Linja AS gjennom det foreslåtte området. NVE ber statsforvalter å ta inn standard bestemmelser for energi- og kraftanlegg inn i forskriften for dette området for å sikre drift, vedlikehold og oppgradering av nettanlegg. NVE ber Linja og Statnett om å kommentere verneforslag med tanke på deres eksisterende og fremtidige prosjekter»

Statnett (05.02.2024)

«Planlagt vern av skog ved Båtneset berører ikke Statnett sine anlegg eller planer. Vi har ingen merknader til utvidelsen.»

Statens vegvesen (30.01.2024)

«Skogsområdet grensar til fv. 61 som er ein viktig veg i ein transportmessig samanheng på eksisterande vegnett. Det må sikrast i verneforskrifta at vegeigar kan halde vegen ved like og gjer nødvendige utbetringar/oppgraderingar for å komme samfunnet sine krav til vegsystemet i møte

I denne traseen er det også i samband med KVV E39 Skei-Ålesund ei avgjerd på at framtidig E39 skal følge konseptalternativ VÅ-K3 (grøn linje). Ein framtidig E39, vil som nasjonal hovudveg, ha ein anna dimensjoneringklasse og kurvatur enn eksisterande veg, og vil da måtte planleggast ut frå det. Det ligg ikkje føre konkrete planar, men vi ber likevel om at ein i verneforskrifta sikrar at skogvernet ikkje legg hindringar for framtidig valt trase.

Kartverket (23.01.2024)

«Ingen merknader til skrivemåten, Båtneset er godkjend skrivemåte.»

Møre og Romsdal fylkeskommune (12.02.2024)

«Fylkesveg 61 er i rammeplan for differensierte byggegrensar gitt haldningsklasse «meget streng» og ei byggegrense på 50 meter målt frå senterlinje fylkesveg. Fylkesvegen har på strekninga ein gjennomsnittleg årstdøgntrafikk på 2500 køyretøy og fartsgrense 80 km/t. Grensar for skogvern bør leggast slik at dei ikkje kjem i konflikt med byggegrense til fylkesvegane som blir omfatta av forslaget. Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar vil ved drift og vedlikehald kunne ha behov for å rydde skog og vegetasjon langs vårt vegnett som



kan vere påkøyringsfarleg eller sikthindrande. Skogrydding vil kunne vere eit grep for å sikre eit trafikksikkert vegnett. Ved å justere grenser for skogvern i tråd med gjeldande byggegrenser til fv. 61 vil ein unngå konflikt mellom vegeigar sitt eventuelle behov for utføring av trafikktryggleikstiltak og skogvern. Grenser for skogvern som går heilt inntil fylkesvegen vil kunne føre til utfordringar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.»

STATSFORVALTAREN SIN VURDERING AV MERKNADANE

Innspel frå NVE er tatt til etterretning og standardreglar for energi- og kraftanlegg er tatt inn i forskrifta for dette området for å sikre drift, vedlikehald og oppgradering av nettanlegg i verneforskrift § 4 bokstav j og k, § 6 bokstav d, § 7 bokstav k, l og m. Linja AS står på mottakarlista og Statnett har ingen merknadar til plana. Statens vegvesen si merknad er tatt til etterretning og standardreglar for vedlikehald er tatt inn i forskrifta § 4 bokstav l. Når det gjeld ny E39 er dette eit omfattande samferdselsprosjekt av nasjonal betydning. Om dette prosjektet blir realisert har forvaltningsstyremakta moglegheit til justere vernegrense eller gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48. Innspel frå Møre og Romsdals fylkeskommune om rydding av vegetasjon i samband med trafikktryggleik er tatt til etterretning i forskrifta, § 7 bokstav m og n.

5.1 Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med frist 15. april 2024. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd

5.2 Forvaltningsmynde

Vi ber Sula kommune ta stilling til om dei ønskjer forvaltningsmynde over naturreservatet gjennom denne høyringa.

6 FORSLAG TIL FORSKRIFT

Forskrift om vern av Båtneset naturreservat, Sula kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62 [og § 77]. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å bevare eit variert skogsområde som representerer bestemte typar natur i form av trua edellauskogstypar. Skogen er i god utvikling med element av kalkrike områder med tilhøyrande trua artar. Områdevern inneber at habitat til fugl og fauna også blir tatt vare på med dei økologiske prosessane og funksjonane det har i dag. Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomst av sjeldne artar av karplantar, sopp og lav.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing



Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Sula kommune: 71/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 628 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Sula kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk
- h. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- i. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.
- k. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.
- l. vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:



- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande stiar.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt [*og fisk*]
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort [*og villsvin*] med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- k. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4
- l. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning
- m. tiltak i samband med oppgradering av Fylkesveg 61
- n. naudsynt vegetasjonsrydding i samband med trafikktryggleik ved Fylkesveg 61
- o. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav h, j og k og § 7 bokstav k

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltningsplan



Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Skogfaglig beskrivelse av enkeltområdene som tilbys for frivillig vern

Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Sula
Område	Båtneset
Gnr/Bnr	71/1

Tømmertilgang (arealer, kubikkmasse, infrastruktur, foredling) som påvirkes

Skogvern, tømmertilgang og avvirkning i aktuell fylke/kommune	Kommune		Fylke	
	Areal	Kubikkmasse	Areal	Kubikkmasse
Foreslått skogvern produktivt skogareal	296	4440		
Foreslått skogvern totalt skogareal	542	5725		
Foreslått skogvern totalt areal	623	XXXXXXXXXXXX		XXXXXXXXXXXX
Eksisterende skogvern produktivt skogareal	3234		53855	
Eksisterende skogvern totalt skogareal	5170		105320	
Eksisterende skogvern totalt areal		XXXXXXXXXXXX		XXXXXXXXXXXX
Gjennomsnittlig avvirkning siste 5 år		58		271000
Stående volum og produktivt skogareal	16886		2826463	
Stående volum og totalt skogareal	23522		4196579	
Kommentartil hvordan tømmertilgangen påvirkes Produktivt skogareal er i meget bratt terreng/utlignings terreng. Taubane er ikke mulig, da det er 2 kraftlinjer gjennom feltet, og Fylkesveg 61 går i bunnen av lia. Slipp i terrenget/terskler gjør store deler av dette terrenget vanskelig tilgjengelig også til fots. Vernskog/naturfare areal ligger over all produktiv skog, som ville skapt utfordringer om det var mulig å hente tømmer. <i>Kilde til data: Kilden/skograppport, SR16</i>				

Tilbudt/vurdert område

Arealer fordelt på produksjonsevne (AR5)						
Høg bon. (26-17)	Middels bon. (14-11)	Låg bon. (8-6)	Totalt produktivt areal	Totalt skogareal	Totalt areal	
296			296	542	623	
Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes Ikke realistisk å hente ut dette tømmeret, derfor ikke aktuelt <i>Kilde til data: Kilden/skograppport, SR16</i>						
Treslag, areal og kubikkmasse						
	Hkl. I-III		Hkl IV-V		Sum	
	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse
Grandominert						
Furudominert			50	1000	50	
Lauvdominert			246	3440	246	
SUM			296	4440	296	
Herav nøkkelbiotoper						
Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes Edellauv og furu dekker det meste av lia <i>Kilde til data: Kilden/skograppport, SR16</i>						

Driftsforhold	Gruppering	Produktivt skogareal	Kubikkmasse
Aktuelt driftsutstyr/maskiner	Hjul- /beltegående	0	0
	Taubane, lekter m.m	0	0
Transportavstand til leveringsplass/bilveiskant på hogsttidspunktet	<1500 m		4440
	1500-2500 m	296	4440
	>2500 m		
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Bratt og ulendt, og ein kraftline midt i lia og ei ved fylkesvegen. Ikkje mulig å stå eller laste for verken hjulgående eller taubane, Fylkesvei hindrer alle nedkjøring og kraftlinje ved vei sperrer for lasting av tømmer, så i praksis ikke aktuelt med normalt driftsutstyr. Ved drift oppover er det taubane som er mulig å bruke, det er vernskog/naturfare på all skog, og 2 km + transport frå standplass for å finne lunneplass. Har er det kun snakk om øvre del over høyspent i terrenget, da denne begrenser areal nedenfor.</p> <p><i>Kilde til data: Kilden/skograpport, SR16</i></p>			
Infrastruktur			Kubikkmasse
Bortfall av kubikkmasse til skogsbilvei			
Bortfall av kubikkmasse til togterminal			
Bortfall av kubikkmasse til tømmerkai			4440
<p>Kommentarer til hvordan eksisterende, planlagte og mulige nye investeringer påvirkes Svært utfordrende terreng og infrastruktur gjer at det er lite aktuelt med skogbruksretta investeringar.</p> <p><i>Kilde til data: Kilden/skograpport, SR16</i></p>			

Oppsummering		
<p>Verbal beskrivelse:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt • Skogproduksjon • Driftsforhold • Infrastruktur 		
Tømmertilgang - tallmessig beskrivelse:	Areal	Kubikkmasse
A Har betydning		
B Kan få betydning		
C Har mindre betydning	542	5725
<p>Verbal beskrivelse:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Området ligger i bratt terrassert terreng med høyspentlinjer og fylkesvei nederst i terrenget som vanskeliggjør all transport og lunning med taubane ned lia. Videre ligger det som vernskog/naturfare hele den skogkledde delen av lia, med sine krav til størrelse. • For muligheten å transportere virket opp er det lang transport, med 2+ km til lunneplass ved vei, noe som i utgangspunktet vil stille spørsmål ved lønnsomhet for drift i det hele tatt. • Fra et skogmessig ståsted er det lite aktuelt driftsområde. 		

Skjema for avveining av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen

Område: Båtneset

Tabell 1 Nøkkeldata for området

Navn på område	Båtneset naturreservat				
Totalt areal	628 daa	Produktivt skogareal	296 daa	Totalt skogareal	542 daa
Fylke	Møre og Romsdal				
Kommune	Sula				
Eierform	Privat				

Formål

Avveiningen skal sikre at skogvernet bidrar effektivt til å oppfylle de nasjonale målene for naturmangfold, samtidig som vernet gjennomføres på en slik måte at det får minst mulig konsekvenser for skog- og trenæringen.

Betydning for skogvernet

Tabell 2 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skogvernet

Verbal oppsummering og vurdering			
<p>Området foreslått verna er dekt av skogsmark i lågareliggende strøk med 85% skog, og der halvparten av skogen er på høg bonitet. Skogen ligg i ei li frå fjord til opp mot 350 moh, med stor variasjon i gradientar innan kalktrinn og kartleggingseiningar. I indeks for naturgitt mangfald skårar området totalt sett 2,25/3 med særleg stor arealandel innan kalk- og baserik skogsmark og regnskog (3/3). Død ved mengde er også høgt samt andel edellauvtre og Ros-artane (2 av 3). Det er registrert fem raudlista naturtypar og elleve raudlista artar. Den store variasjonen gjer skogen meir robust i eit endra klima og viktig for langsiktig bevaring</p> <p>Ref: https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/22D69ADC-7166-46D9-B1C7-899FD75C26A9</p>			
Verneverdi-indeks	3,92	Nær truete og truete naturtyper	Frisk rik edellauvskog (NT) Lågurtedellauvskog (VU) Kalk og lågurtfuruskog (VU) Rik gransumpskog (EN) Kalkedellauvskog (VU)

Mangelinndekning	Høy	Restaureringspotensial for truet natur under kraftliner om disse blir flytta	0 – 20 år.
Betydning for økologisk nettverk	stor	Kan manglene dekkas annet sted, med mindre skogbruksmessig betydning	nei
Nær truete og truete arter	ramsløk (NT), alm (EN), barlind (VU) og skorpefiltlav (NT), fuglereir (NT), vaniljerot (NT), raudsildre (NT), halmgul køllesopp (VU), svartnande kantarell (NT), raudtuppkorallsopp (NT), raudskivevokssopp (NT), dvergstanksopp (VU)		
Konklusjon		Har betydning for vern av skog	
<p>Noreg har gjennom stortingsmeldinga «Natur for livet» og gjennom internasjonale avtalar forplikta seg til nokre mål for naturen – såkalla miljømål som er som følger;</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Økosystema skal ha god tilstand 2. Ingen artar eller naturtypar skal forsvinne 3. Vi skal bevare eit representativt utval norsk natur for å sikre variasjonsbreidda <p>Hovudtrugselen mot naturmangfaldet i Norge er arealendringar som reduserer både kvantitet og kvalitet på artanes leveområde. Områdevern er eit godt bevaringstiltak for å motverke tap av naturmangfald og halde naturen robust i møte med endra klima. Vi trenger meir skogvern i alle raudlista naturtypar. I Kunnskapsgrunnlag om økologisk tilstand i norsk skog og utredning av tiltak (M-2597) er økologisk tilstand i skog sett til 0,42 (0,37 i Vestlandet) av 1 (referanseverdi). I mangelanalyse for skogvern (Framstad m.fl. 2017) kjem det fram at Møre og Romsdal har låg vernedekning på naturtypar i skog som kystfuruskog, edellauvskog og bekkekløfter. Dette området fyller manglar i skogvernet og miljømåla på følgande måte:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Økologisk tilstand: Områdevern sikrar dei økologiske prosessane i området å hande fram naturleg og naturmangfaldet å bli tatt vare på. Skogvern her er eit positivt bidrag til å auke økologisk tilstand i skog. 2. Bevaring av trua natur: fem raudlista naturtypar knytt til edellauvskog - Frisk rik edellauvskog (NT) Lågurtedellauvskog (VU), Kalk og lågurtfuruskog (VU) Rik gransumpskog (EN) Kalkedellauvskog (VU) og elleve registrerte raudlista artar – registrert ramsløk (NT), alm (EN), barlind (VU) og skorpefiltlav (NT), fuglereir (NT), 			

- vaniljerot (NT), raudsildre (NT), køllesopp (VU), svartnande kantarell (NT), raudtuppkorallsopp (NT), raudskivevokssopp (NT) og dvergstanksopp (VU) blir verna.
3. Representativitet: Skogen ligg på kalkrik grunn i oseanisk sone. Halvparten av skogen ligg i på høg bonitet og i lågareliggende områder i varme klimasoner som nemoral – sørboreal sone som er underrepresentert i dagens skogvern.

Områder er soleis i stor grad med på å oppfylle manglar i verneområda med skog både regionalt og nasjonalt. Økologisk nettverk med naturreservat av kystfuruskog med barlind ved Solevågsfjellet og edellauvskog ved Sulesund og Raudnesvika naturreservat. Det er eit mål å ivareta rikare edellauvskog og gamal kystfuruskog i tilknytning til reservata for ein best mogleg tilstand i økosystema og ta vare på habitat for trua artar og naturtypar. Områdevern er soleis det beste verkemiddelet for å nå dei nasjonale miljømåla knytt til skog. Konsekvensen av at området ikkje blir verna er et hypotetisk spørsmål forvaltninga ikkje kan ta stilling til, da vi ikkje veit kva for ressursutnytting vi står ovenfor i framtida. Om området ikkje blir verna og nedbygd blir konsekvensane alvorleg for den trua naturen. Lokalt vil det være negativt for det økologiske nettverket som igjen vil kunne ha negativ effekt for naturleg utbreiing.

Betydning for skog- og trenæringen

Tabell 3 Oppsummering – verneforslaget sin betydning for skog- og trenæringen. Oppsummeringen baseres på opplysninger som framkommer for den skogfaglige malen som ble utarbeidet i deloppdrag 1

Verbal oppsummering og vurdering:		
<ul style="list-style-type: none"> • Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt • Skogproduksjon • Driftsforhold • Infrastruktur 		
Tømmertilgang - Tallmessig beskrivelse	Areal	Kubikkmasse
Gruppe S1-S3 Har betydning		
Gruppe S4-S6 Kan få betydning		
Gruppe S7 Har mindre betydning	542	5725
<ul style="list-style-type: none"> • Området ligger i bratt terrassert terreng med høyspentlinjer og fylkesvei nederst i terrenget som vanskeliggjør all transport og lunning med taubane ned lia. Videre ligger det som vernskog/naturfare hele den skogkledde delen av lia, med sine krav til størrelse. • For muligheten å transportere virket opp er det lang transport, med 2+ km til lunneplass ved vei, noe som i utgangspunktet vil stille spørsmål ved lønnsomhet for drift i det hele tatt. • Fra et skogmessig ståsted er det et lite aktuelt driftsområde. 		

Områdets betydning for skogvernet og for skog- og trenæringen

Tabell 4 Områdets betydning for skogvernet og for tømmertilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
		S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1	
		Har mindre	Kan få			Har			
		Betydning for tømmertilgangen							

Avveining

Tabell 5 Avveining mellom hensynet til skogvern og hensynet til skog- og trenæringen

Konklusjon	
Vern gis prioritet	Ja
Arealreduksjon	Nei
Har mindre betydning for tømmertilgang (S7) og har stor betydning for skogvern (V1) = V1S7=vern	